

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

SØNDRE GATE 10

[776] N-10606.(Tidlegare omtala: Adresseavisen 29.07.1971, Liestøl 1977: 221; Hagland 1988b: 23.)

Innskrifta står på eit sidebein, 162 mm langt, 27-33 mm breitt og 2-6 mm tjukt. Det er runer på den konvekse sida av beinet, som er avbrote i både endar, og innskrifta fyller mest heile den flata. Innskrifta byrjar i god avstand frå fremre brotkant. Brotkanten i motsett ende er så nær siste kvistrune, at det må vera god grunn til å rekna innskrifta som avbroten. Funnet vart gjort i 1971, i feltet S 191 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Innskrifta er stort sett tydeleg og grei. Den nedre delen av staven på r. 1 er borte i brotkanten av beinet. R. 4, 6 og 7 er alle opne, r. 6 skil seg litt ut i og med at kvisten under bogen går nokså parallelt med staven. R. 11 (første kvistrune) har ein litt slurvet rissa øvre kvist av dei som går ned til venstre. Han kryssar staven på føregåande **p**, men er sikkert nok del av kvistsettet, og teiknet må sikkert kunna lesast 35 (= tre kvistar til venstre, fem til høgre). Sameleis kan det vera litt tvil om kor mange kvistar til høgre det er rissa i r. 13. Den delen av beinet er litt nedsliten, men ved bruk av stereolupe kan ein tydeleg sjå spor etter tre kvistar, altså 23.

I' N R 1 R : R 1 | P

i s u r a r : r æ i p 35 24 23 25 [--
i u a r r a i s [--

Ívarr reis(t)[-- `Ivar skreiv[--'

Innskrifta inneheld såleis ei blanding av "vanlege" runer og kvistruner eller såkalla løynderuner (jf. Liestøl 1963: 16ff). Den delen som er skriven med vanlege runer, inneheld namnet på fire av teikna i ein **fupork**: *íss, úr, ár, reið*. Dei fire runenamna utgjer dermed sekvensen **iuar**, altså mannsnamnet *Ívarr*. Kvistruner av det slaget vi har frå og med r. 11, er eit system med markering først av ætt innan **fupork**-en (kvistane til venstre) og så rangering innan ætta (kvistane til høgre). Nummeret på ættene vart rekna bakfrå, slik at 1. ætt (ein strek til venstre) var Týs ætt (**tbmly**), 2. ætt var Hagals ætt (**hnia**s) og 3. ætt var Fés ætt (**fupork**). Talet 35, slik det er markert ovanfor, tyder såleis femte rune i tredje ætt, det vil altså seia **r** osb (sjå òg N828 nedanfor).

Heile innskrifta er dermed døme på ulike former for løyndeskrift, eller "kryptografering". Etersom beinet er avbrote, er det god grunn til å tru at innskrifta har

vore lengre og truleg har utgjort ein fullstendig `ristarformel' -*Ívarr reist rúnar þessar*. Kvifor det måtte skrivast i kode, kan vi ikkje seia for sikkert i dag. Ettersom ulike system er nytta, er det grunn til å gå ut frå at det kan vera tale om ei øving eller ei form for demonstrasjon av kunsten å skriva løyndeskript. Men sikre kan vi aldri vera i så måte. Med grunnlag i kvistrunene får vi sekvensen **ai** i verbet her. I runologisk samanheng er dette vanlegvis eit drag som peikar attover i tid. Ettersom vi elles har diftongen **æi** i runenamnet *reið*, må dette likevel helst sjåast som eit direkte resultat av at kvistrunesystemet byggjer på 16-teikns **fupork**-en og såleis ikkje har andre måtar å skriva diftongen /ei/ på.